

## Framande skadelege planter i Møre og Romsdal

I dette dokumentet vil vi skildre nokre framande planter som utgjer ein høg risiko for spreiring i Møre og Romsdal. Dette er artar som allereie har etablert seg på ulike stader i fylket vårt og som vi frykter vil ha ein stor negativ påverknad på det stadeigne biologiske mangfaldet.

Vi kaller dei framande artar. Med det meiner vi artar som ved hjelp av mennesket har blitt innført til nye område der dei ikkje har sitt naturleg leveområde. Nokre artar blir innført til Noreg som hageplantar. Andre følgjer med som blindpassasjerar i jord eller på andre importvarar og artar. Nokre framande artar er bevisst satt ut i eit nytt område, medan andre har rømt frå fangenskap.

Berre eit fåtall av desse artane klarer å etablere seg i det nye miljøet. Typisk for dei artane som etablerer seg er at dei har stor konkurranseevne, lang levetid og høg reproduksjon. Dette kan fort føre til at dei fortrenger artar som høyrer heime i området. I verste fall kan det føre til at stadeigne artar blir utrydda.

Brunsniglen er eit eksempel på ein framand art som alle kjenner til. Brunsniglen kom til Noreg i slutten av 1980-åra, og er no ein pest og ei plage for mang ein hageeigar i Møre og Romsdal. Minken er også ein kjent og brysam gjest, som har herja stygt blant hekkande sjøfuglbestandar. Platanlønna spreier seg med stormskritt, og i elvane trugar Gyrodactulus salaris. Felles for dei nemnte artane er at dei har spreidd seg i eit så stort omfang at dei allereie har påført norsk natur stor skade. Dei har også ein økonomisk kostnad, da vi bruker store summar i kampen for å bli kvitt dei.

Ved å sette inn tiltak mot dei framande artane på eit tidleg stadium vil det vere lettare å bli kvitt dei. Nokre av plantene som er skildra i dette dokumentet har få registreringer i fylket vårt. Vi har difor ein sjanse til å stoppe spreiringa. Under kvar ein art er det eit kart over utbreiinga til denne arten i Møre og Romsdal. Slik kan du sjå om han allereie er registrert i ditt nærmiljø.

**Lær deg artane som er skildra i dette dokumentet og styr unna desse når du skal kjøpe nye plantar til hagen din. Og ikkje minst; ver merksam på korleis du handterer hageavfallet ditt så du ikkje bidrar til ytterlegare spreiring av dei framande artane!**

Kast aldri planteavfall eller jordmassar frå område med framande skadelege artar i naturen!

## Rynkerose

Rynkerose er opprinneleg frå Nordaust-Asia og har lenge vore ein av dei mest populære rosebuskane i omsetting i Noreg. Ho har store, oransjeraude nyper. Blomane kan vere raude, rosa eller kvite. Blada er rynkete. Arten har mykje tornar.

Rynkerosa har spreidd seg til dei yttarste isolerte øyane, så vel som inne i fjordane. Her dannar ho store og tette kratt, og fortrenger ofte dei stadedne artane som veks i området frå før. Typisk slår ho seg ned på sand



Rynkerose i Surna naturreservat. Foto: FMMR



Rynkerose i blomst. Foto: Øksnevad vgs.

og mager jord, som til dømes strender. Da har gjerne frø eller andre plantedelar blitt frakta langs vegar eller med vatn til dei nye områda.


### Korleis fjerne rynkerose?

Tiltak mot rynkerosa bør følgjast opp over fleire år. Førkomsten kan haldast nede ved gjentatt ned kapping. Det kan også vere aktuelt å grave opp planta. Pass på å få med alle røtene. Om du ikkje vil fjerne rynkerosa, plukk nypene så ikkje planta blir spreidd til nye område av fugl som eter dei.

Vær nøye med korleis du handterer planteavfallet, da nye plantar kan spire frå røtene. Ikkje legg avfallet att i naturen.

Sørg for at røter, frø og frøkapslar blir destruert. Du kan til dømes leggje dei i restavfallet til forbrenning. Om det er store mengder avfall bør du ta kontakt med eitt renovasjonselskap for råd. Gi beskjed om at det må brennast.

Ikkje flytt jordmasser der rynkerose veks til nye område!



Rynkerose (raude prikkar) har spreidd seg i store delar av Møre og Romsdal allereie (<http://artskart.artsdatabanken.no>). Du kan zoomme deg inn på kartet ved å bruke linken som ligg på heimesida til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

## Kjempebjørnekjeks og tromsøpalme

Desse to artane er like av utsjåande. Artane er i rask spreiring og skygger ut alle planter der dei etablerer seg. Dei kan bli 2-4 meter høge. Begge har store og flikete blad. Når dei blomstrar har dei ein kvit blomsterskjerm. Planter av kjempebjørnekjeks står enkeltvis, medan tromsøpalmen står i tuer eller klynger.

Kjempebjørnekjeks spreier seg med frø, medan tromsøpalme spreier seg med både frø og bitar av stengelen.

Safta til desse plantene gir utslett på huden i kombinasjon med direkte sollys. Bruk difor tjukke klede, hanskar og vernebriller når du jobbar med dei. Skyl rikeleg med vatn om du får plantesaft på huden eller i augo.

## Korleis fjerne kjempebjørnekjeks og tromsøpalme?


Kutt rota 15-20 cm under bakken så tidleg som mogleg på sesongen. Om planta ikkje har blomstra kan ho leggest att på bakken, men pass då på at rota ikkje er i kontakt med jorda eller rennande vatn. Du kan også grave opp planta eller fjerne blomsterstander før dei rekk å frø seg. Legg blomar og frø i restavfallet til forbrenning. Dette gjelder også stengelen til tromsøpalmen. Om det er mykje avfall bør du ta kontakt med renovasjonsselskapet ditt for råd. Gi beskjed om at det må brennast.

Ikkje flytt jordmasser med kjempebjørnekjeks eller tromsøpalme til nye område.

Husk også å reingjere utstyr før du nyttar det på andre stader der desse artane ikkje veks!



Kjempebjørnekjeks. Foto: Asbjørn Børset



Kjempbjørnekjeks (røde prikkar) og tromsøpalme (rosa prikkar) er registrert fleire plassar i Møre og Romsdal (<http://artskart.artsdatabanken.no>). Du kan zoome deg inn på kartet ved å bruke linken som ligg på heimesida til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

## Slirekneartane

Slirekneartane er populære prydblantar i norske hagar. Samtidig er dei nokre av verdas mest problematiske framande artar. Dei har store og breie blad. Stenglane veks raskt, er opprette og kraftige. På ein sesong kan dei bli 2-3 meter høge. Du kan sjå fleire førekomstar av desse plantene langs vegane. Dei



Parkslirekne veks og spreier seg raskt. Foto: Asbjørn Børset

spreier seg primært gjennom flytting av jordmassar.

## Korleis fjerne slirekneartane?

Jordstenglane kan vokse 3 meter ned i bakken og 7 meter bort frå morplanta. Kvar ein bit av stengelen kan gi opphav til ei ny plante. Det er difor viktig å starte kampen mot spreinga så tidleg som mogleg.

Metoden du bør bruke er avhengig av førekomsten. Forsøk å kappe ned plantane regelmessig over ein lengre periode. Om det er små mengder med planteavfall kan du putte det i restavfallet til forbrenning. Ved store mengder avfall bør du ta kontakt med renovasjonsselskapet ditt for råd. Gi beskjed om at det må brennast.



Foto: Asbjørn Børset



Parkslirekne (turkiske prikkar) og kjempeslirekne (grøne prikkar) spreier seg raskt i Møre og Romsdal (<http://artskart.artsdatabanken.no>). Du kan zoomme deg inn på kartet ved å bruke linken som ligg på heimesida til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Unngå å flytte jord frå område der slirekne veks.

Husk også å reingjere utstyr før du nyttar det på andre stader der desse artane ikkje veks!

## Kjempespringfrø

Arten blei innført frå Himalaya som prydplante i norske hagar. Kjempespringfrø er eittårig, veks raskt og kan bli inntil 1- 1,5 m. Planta får raude og attraktive blomar. Frøa sprett ut av frøkapselen ved berøring.

I mange land har denne arten og andre innførte springfrøartar blitt eit av dei største problema for heimlege artar i skogsmiljø. Kjempespringfrø fortrenger alle andre planter der ho etablerer seg og dekkjer skogbotnen.



Kjempespringfrø fortrenger andre planter der ho etablerer seg. Foto: Asbjørn Børset



Kjempespringfrø. Foto: Asbjørn Børset

## Korleis fjerne kjempespringfrø?

Luk plantene tidleg i juni da dei er små. Det er viktig å fjerne dei før dei får frø. Eventuelle frø som ligg i bakken er spiredyktig i to år, så eit tiltak mot denne arten bør følgjast opp gjennom tre vekstsesongar. Legg plantedelar med frø og frøkapslar i restavfallet til forbrenning. Om det er store mengder avfall bør du ta kontakt med eit renovasjonsselskap for råd. Gi beskjed om at det må brennast.



Kjempespringfrø (raude prikkar) spreier seg raskt og er ein stor trussel mot artsmangfaldet i Møre og Romsdal (<http://artskart.artsdatabanken.no>). Du kan zoome deg inn på kartet ved å bruke linken som ligg på heimesida til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Vær varsam når førekomsten er i nærleiken av elvar og vassdrag. Vatn fører ofte til ytterligere spreing. Husk også å reingjere utstyr før du nyttar det på andre stader der kjempespringfrø ikkje veks!

## Spansk kjørvel

Denne krydderplanta har ei lang historie som nytteplante. Den greinete stengelen kan bli 0,5-1,5 m høg. Heile planta luktar anis. Planta har eit system av greinete jordstenglar som fører til at han fort tek overhand i hagane og ofte blir kasta ut. I tillegg spreier ho seg med frø. Spreiing over store avstandar skjer truleg mest ved utilsikta frakting av jordstenglar (med jord, hageavfall m.m.). Han etablerer seg lett utafor hagane, og dannar tette bestandar som fortrengrer dei fleste andre artane.

## Korleis fjerne spansk kjørvel?

Du bør hindre spreiiing av frø ved å kutte planta før dei er modne. Røter og jordstenglar må gravast opp.

Du kan leggje planteavfallet på ein presenning eller liknande til tørking. Jordstenglar og blomster med frø bør leggast i restavfallet til forbrenning. Om det er store mengder avfall bør du ta kontakt med eitt renovasjonsselskap for råd. Gi beskjed om at det må brennast.

Husk å reingjere utstyr før du nyttar det på andre stader der spansk kjørvel ikkje veks!



Spansk kjørvel i Molde kommune. Foto: Jorunn Mittet Eriksen



Tilrettelagt: Artsdatabanken og GBIF-Norge - 2011

Spansk kjørvel (rosa prikkar) i Møre og Romsdal per mai 2012 (<http://artskart.artsdatabanken.no>). Du kan zoomo deg inn på kartet ved å bruke linken som ligg på heimesida til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

## Japanpestrot/Legepestrot

Japanpestrot og legepestrot spirar tidleg på våren. Japanpestrot har tjukke stengler med gulkvite og rørforma blomstrar, medan legepestrot har raudbrune og kolbeaktege blomsterstander. Etter blomstring kjem blada. Dei kan bli enorme, opptil heile 1 meter i diameter



Japanpestrot i Langvatnet naturreservat, Tingvoll. Foto: Asbjørn Børset

utover i sesongen.

Desse artane spreier

seg først og fremst utover med jordstenglane eller røtene, og kan ha ein massiv lokal vekst.

## Korleis fjerne legepestrot og japanpestrot?

Legepestrot spreier seg først og fremst ved hjelp av jordstenglar og røter. Den tøffaste kampen er difor å hindre dette. Ein aktuell metode kan vere å grave opp førekomsten. Du kan leggje planteavfallet på ein presenning til tørking. Jordstenglar og røter bør leggjast i restavfallet til forbrenning. Om det er store mengder avfall bør du ta kontakt med eitt renovasjonsselskap for råd.



Gi beskjed om at det må brennast.

Unngå å flytte jord frå område der desse artane veks.

Husk å gjere reint ustyr som er nytta i arbeidet før det nyttast på andre stader der det ikkje veks framande artar.

Legepestrot (blå prikkar) og japanpestrot (turkise prikkar) i Møre og Romsdal per mai 2012 (<http://artskart.artsdatabanken.no>). Du kan zoome deg inn på kartet ved å bruke linken som ligg på heimesida til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

## Hagelupin

Lupinen er i rask spreiding over heile landet. Mesteparten av lupinane langs vegane finst her på grunn av utsåingar. I tillegg spreier han seg frå hagar. Ei enkelt plante kan produsere hundrevis av frø. Frøa kan ligge i jorda meir enn 50 år utan å miste spireevna, og desse blir lett spreidd vidare ved transport av jordmassar. Hagelupin utkonkurrerer heimlege artar som har vegskråningar og skogkantar som viktige veksestader. Vidare endrar han jordsmonnet til fordel for næringskrevjande plantar og fører til at vegetasjonen blir endra.

### Korleis fjerne hagelupinen?

Om førekomstane er små kan du luke eller grave dei opp. Plantene som ikkje har fått blomar enda kan leggjast igjen på staden, men pass på at rota ikkje får kontakt med jorda.

Om det er store førekomstar kan du slå eller kappe dei ned med grastrimmar, grasklippar eller utleggarm på traktor. Slå førekomsten så langt ned mot bakken som mogleg. Områda må følgjast opp over fleire år.

Legg blomstrande plantar i restavfallet til forbrenning. Om det er store mengder avfall bør du ta kontakt med renovasjonsselskapet ditt for råd. Gi beskjed om at det må brennast.

Husk å gjere reint utstyret før du nyttar det i område der det ikkje veks lupin!



Hagelupinen er vakker å sjå på, men ein trussel mot det biologiske mangfaldet i fylket vårt. Foto: Jorunn Mittet Eriksen



Hagelupin i Møre og Romsdal per juni 2012 (<http://artskart.artsdatabanken.no>). Du kan zoomme deg inn på kartet ved å bruke linken som ligg på heimesida til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.



## Kva kan du som hageeigar gjere?

- Ikkje kjøp eller plant ned artar som har høg risiko for spreiding i naturen i Møre og Romsdal
- Sørg for at førekomstane i hagen din ikkje spreier seg vidare ved rotskot eller frø
- Legg aldri hageavfall i naturen, særleg ikkje i nærleiken av elvar og vassdrag. Nokre frø kan spreie seg langt i vatnet
- Legg plantedelar som kan føre til ny spiring (t.d. frø og jordstenglar) i restavfallet til forbrenning. Om det er store mengder avfall bør du ta kontakt med eitt renovasjonsselskap for råd. Gi beskjed om at det må brennast.
- Om du ikkje lykkast i å fjerne dei framande artane mekanisk kan du vurdere kjemiske midlar.

## Rapporter funn av framande artar!

Vi ønskjer meir kunnskap om utbreiinga av framande artar i Møre og Romsdal. Til dette treng vi hjelp frå deg! **Om du observerer ein framand art i nærmiljøet ditt, gå inn på nettstadet**

<http://artsobservasjoner.no/> og registrer funnet ditt her!

Alle kan melde inn funn av artar i *Artsobservasjoner*. Her kan du også sjå kart over funn du og andre har gjort på kart eller i tabell. Last gjerne opp bilde av funnet så vi kan kvalitetssikre at det er riktig art.

Ved å delta i dette arbeidet bidrar du til å auke kunnskapen om utbreiinga til dei framande artane i nærmiljøet ditt. Vi vil lettare kunne sjå konsekvensane av spreinga av dei framande artane om vi får kartlagt dei førekomstane som finst.

## Ønskjer du å vite meir om framande artar? Sjekk ut desse nettstadene:

Direktoratet for naturforvaltning: [www.dirnat.no/naturmangfold/fremmede\\_arter/](http://www.dirnat.no/naturmangfold/fremmede_arter/)

Miljøstatus Møre og Romsdal: <http://moreogromsdal.miljostatus.no>

Artsdatabanken: [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) (her finn du blant anna faktaark om framande artar og svartelista 2012).

Faglig utviklingssenter for grøntanleggssektoren (FAGUS): <http://fagus.no> (her finn du blant anna faktaark om korleis fjerne nokre av dei framande artane. Du finn dei under «Publikasjoner».

Samarbeidsrådet for biologisk mangfold (SABIMA): [www.sabima.no](http://www.sabima.no)